



AUSTRHEIM KOMMUNE

Rådmannen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
01.09.2016	16/200 - 7	

Melding om vedtak - Trekking på vilkår motsegn til reguleringsplan for Keilen vest, gbnr. 125/6 m.fl.

Sjå vedlagt saksdokument.

*Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker fra den dagen brevet kom fram til adressaten.
Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut.
Klagen skal sendast skriftleg til den instansen som har fattat vedtaket. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.*

Vennleg helsing
Emma Hjelmtveit
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift

Andre mottakere:

Lindås kommune

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
092/16	Formannskapet	PS	25.08.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA - L12	16/200

Austrheim kommune- Trekking på vilkår motsegn til reguleringsplan for Keilen vest, gbnr. 125/6 m.fl.

Vedlegg:

Dialogmøte mellom Austheim og Lindås kommunar i høve motsegn til reguleringsplan for Keilen Vest
Merknad til reguleringsplan for Keilen Vest - 1. gongs offentleg kunngjering
Austrheim kommune sin uttale til 1. gongs offentleg ettersyn av reguleringsplan for Keilen Vest, gbnr. 125/6 m.fl.-Varsel om motsegn

Framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune trekkjer på vilkår si motsegn knytt til reguleringsplan for Keilen Vest, gbnr. 125/6 m.fl:

Vilkåret er at:

- 1.Lindås og Austrheim kommunar forpliktar seg til å gå i dialog i høve trafikksikringstiltak langs kommunal veg frå plangrensa til Keilen vest til krysset Keilenvegen /fv 57.
- 2.Før Lindås kommune tek reguleringsplan for Keilen Vest opp til endeleg handsaming i kommunestyret skal nytt planframleggget verta sendt ut til andre gongs offentleg ettersyn.

Formannskapet viser elles til saksutgreiinga og til referatet frå dialogmøte mellom Austrheim og Lindås kommune den 29.06.2016.

Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova §5-4.

Formannskapet - 092/16 - 25.08.2016

FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FS vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune trekkjer på vilkår si motsegn knytt til reguleringsplan for Keilen Vest, gbnr. 125/6 m.fl:

Vilkåret er at:

1. Lindås og Austrheim kommunar forpliktar seg til å gå i dialog i høve trafikksikringstiltak langs kommunal veg frå plangrensa til Keilen vest til krysset Keilenvegen /fv 57.
2. Før Lindås kommune tek reguleringsplan for Keilen Vest opp til endeleg handsaming i kommunestyret skal nytt planframlegg verta sendt ut til andre gongs offentleg ettersyn.
Formannskapet viser elles til saksutgreiinga og til referatet frå dialogmøte mellom Austrheim og Lindås kommune den 29.06.2016.

Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova §5-4.

Saksopplysninger:

Lindås kommune sitt Plan- og miljøutvalet gjorde i møte 29.04.2015, sak 043/15, vedtak om å legge reguleringsplan for Keilen Vest, gbnr 125/6 m.fl. ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10. Hovudføremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for eit større bustadfelt på Kjeilen, med 34 einebustader og 3-4 fleirmannsbustader. Totalt opnar planen som er på høyring for maksimalt 50 bustader i området. Innanfor planen er det vidare lagt til rette for etablering av småbåthamn i eksisterande naustområde. Planområdet er på om lag 192 dekar.

Austrheim kommune sitt formannskap vedtok etter synfaring langs Keilevegen i møte den 17.03.2016 følgjande i sin uttale til reguleringsplan for Keilen Vest, gbnr. 125/6 m.fl :

Formannskapet i Austrheim kommune kjem med motsegn knytt til reguleringsplan for Keilen Vest, gbnr. 125/6 m.fl om ikkje følgjande rekkefølgjekrav vert teke med i føresegna i den endelege detaljreguleringsplanen. Rekkefølgjekravet er:

-Keilevegen frå Fv. 57 og forbi eigedom gnr. 130, bnr. 48 til Kjeilesundet skal opparbeidast med gang- og sykkelveg og vera ferdigbygd før igangsettingsløyve på tiltak i planområdet kan gjevast eller er sikra opparbeidd.

Rekkefølgjekrav er oppfylt for det aktuelle utbyggingstiltak dersom tiltaket er opparbeidd eller "sikra opparbeidd", gjennom at utbyggjar/grunneigar enten har inngått forpliktande utbyggingsavtale eller annan avtale med Lindås/Austrheim kommune om gjennomføring av tiltaket.

Formannskapet viser elles til saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova §5-4.

Austrheim kommune si motsegn var knytt til manglande rekkefølgjekrav i føresegn på korleis planen skal oppnå betre og tryggare tilkomstveg frå Keilenkrysset ved Fv. 57 og til kommunegrensa ved Keilen (Kjeilesundet). Vurderinga vår var at dagens veg i Austrheim kommune er svært smal og svingete og eignar seg ikkje for tungtrafikk eller aukande mengdar med bilar til og frå dette planlagte utbyggingsområdet.

Ved motsegn frå Austrheim kommune kan kommunestyret i Lindås ikkje eigengodkjenna denne

detaljreguleringa. Lindås kommune inviterte difor Austrheim kommune på dialogmøte for å drøfta denne situasjonen og vidare framdrift i saka. Kommunane møttest såleis for å mekla med det føremål frå Lindås kommune at at motsegna til Austrheim kommune kunne verta trekt. Alternativt ville saka kunna gå vidare til departementet via Fylkesmannen til endeleg avgjerd. Lindås kommune kunne og gjort det som Austrheim kommune sitt formannskap vedtok på vilkår i motsegna den 17.03.2016.

Referat frå dialogmøtet den 29.06.2016 er lagt ved i saka. Frå Lindås kommune møtte: *Astrid Aarhus Byrknes, ordførar. Ståle Juvik Hauge, leiar i Plan- og miljøutvalet. Arnold Matre, plan- og utviklingssjef og Christian Reinshol, rådgjevar plan*. Frå Austrheim kommune møtte: *Per Lerøy, ordførar og Asbjørn Nagell Toft, avdelingsleiar*.

Austrheim og Lindås kommunar vart i møtet samde om følgjande:

1. Austrheim kommune gjer vedtak om å trekke motsegna som er fremja til framlegg til reguleringsplan for Keilen Vest.
2. Lindås og Austrheim kommunar forpliktar seg til å gå i dialog i høve trafikksikringstiltak langs kommunal veg frå plangrensa til Keilen vest til krysset Keilenvegen /fv 57. Det skal og vera ein del av dialogen at ein skal vurdera ulike rekkjefølgjekrav på ulike delar av strekninga for ulike tilltak/utbyggingsprosjekt langs vegen til ulike tidspunkt.
3. Før Lindås kommune tek reguleringsplan for Keilen Vest opp til endeleg handsaming i kommunestyret, skal planframlegget verta sendt ut til nytt offentleg ettersyn.

Austrheim kommune viser elles til vedlagt uttale frå Statens vegvesen, Region Vest datert 14.03.2016 til denne reguleringsplanen. Statens vegvesen ber om at Lindås kommune på nytt vurderer naudsynte trafikksikringstiltak på den kommunale vegen Keilevegen og innarbeider eventuelle rekkjefølgjekrav i den grad det er trong for det. Statens vegvesen «*ber dei to kommunane samarbeide for å kome fram til eit best mogeleg resultat.*»

Vurdering:

Rådmannen vil peike på at motsegn til planen i formannskapsaka sitt vedtak den 17.03. 2016 var knytt til manglande rekkjefølgjekrav i føresegn på korleis planen skulle oppnå betre og tryggare tilkomstveg frå Keilenkrysset ved Fv. 57 og til kommunegrensa ved Keilen (Kjeilesundet). Rådmannen synes at dialogmøtet mellom Austrheim kommune og Lindås kommune den 29.06.2016 på ein god måte kan få planprosessen og det endelege resultatet knytt til reguleringsplan for Keilen Vest, gbnr. 125/ på rett spor. Rådmannen viser elles til vedlagt uttale frå Statens vegvesen datert 14.03.2016 til denne reguleringsplanen og er glad for at vegvesenet også har fokusert på naudsynte trafikksikringstiltak på den kommunale vegen Keilevegen.

Rådmannen synes at dei tre punkta som det var semje om på dialogmøtet på ein god måte sikrar at resultatet vidare vert så god som mogeleg for alle. Det siste og 3. punktet frå dialogmøtet er viktig i tilfelle det vert sendt ut eit planforslag på andre gongs offentleg ettersyn (høyring) som Austrheim kommune ikkje synes er tilfredstillande når det gjeld trafiktryggleik mm. Rådmannen trur ikkje det vil verta eit problem om administrasjonen i dei to kommunane no set set seg saman og finn gode planløysingar i denne reguleringsplansaka. Rådmannen synes det er positivt at før Lindås kommune tek reguleringsplan for Keilen Vest opp til endeleg handsaming i kommunestyret skal planframlegget verta sendt ut til nytt offentleg ettersyn. Det betyr at formannskapet i Austrheim kommune vil få

plansaka til ny handsaming. Rådmannen synes og det er positivt at Statens vegvesen i sin uttale har bedd dei to kommunane om å samarbeide for å kome fram til eit best mogeleg resultat.

Rådmannen vil informera om at vegen til Keilen er kommunal. Første delen av vegen ned til Kjeilesundet, omlag 1 km, ligg i Austrheim kommune. Resten av vegen (på øya Keilen) ligg i Lindås kommune. Frå Kjeilesundet og fram til planlagt byggjefelt er det omlag 0,7 km. Samla lengde communal veg frå fylkesvegen og fram til byggjefelt er 1,7 km. Rådmannen synes det er positivt at Lindås og Austrheim kommunar forpliktar seg til å gå i dialog i høve trafikksikringstiltak langs communal veg frå plangrensa til Keilen vest til krysset Keilenvegen /fv 57.

Rådmannen vil opplyse om at plan- og bygningslova omhandlar motsegn i pbl § 5-4 slik:

§ 5-4. Myndighet til å fremme innsigelse til planforslag

Andre kommuner kan fremme innsigelse mot forslag til slike planer i spørsmål som er av vesentlig betydning for kommunens innbyggere, for næringslivet eller natur- eller kulturmiljøet i kommunen, eller for kommunens egen virksomhet eller planlegging.

Innsigelse skal fremmes så tidlig som mulig og senest innen den frist som er fastsatt for høringen av planforslaget. Innsigelse skal begrunnes.

Rådmannen vil og peika på at dersom det som står i forslag til vedtak over ikkje vert følgd opp gjeld vedtaket gjort den 17.03.2016.

Rådmannen vil og understreka at «**Rikspolitiske retningslinene for barn og planlegging**» har som mål og sikre eit oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknadar. Det skal sikrast at oppvekstmiljøet har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid samsvarar med eksisterande kunnskap om barn og unge sine behov. Rådmannen meiner at forslag til vedtak på ein god måte ivaretok dette i den vidare planprosessen og at omsyn til trafikktryggleiken vil verta ivareteke i det endelige planvedtaket. Rådmannen rår til at formannskapet på vilkår kan trekkja motsegn tilbake i tråd med semja frå dialogmøtet den 29.06.2016. Rådmannen rår formannskapet til å vedta forslag til vedtak som er i tråd med dialogmøtet med Lindås kommune.

Konklusjon:

Formannskapet i Austrheim kommune trekkjer på vilkår som nemnd i pkt. 1 og 2 si motsegn knytt til reguleringsplan for Keilen Vest, gbnr. 125/6 m.fl: